

Jul og julefeiring kring 1800

Av Arne Dag Østigaard

Eg skal forsøke å skrive litt om den gamle jul og julefeiringa i Nord-Østerdalen. Eg skal konsentrere meg om tida omkring 1800, det vil seie før moderne juleskikkar som juletre og julegaver hadde trengt inn. Kjeldene mine er bygdebøker og tradisjonsinnsamlingar, framfor alt Sigurd Nergaard, lærar og folke-minnesamlar frå Åmot. Han har gitt ut mange bøker om emnet frå Østerdalen. Forfattarane Olaf Røst og Nicolai Ramm Østgaard frå Tynset har og brukt mykje tradisjonsopplysningar i bøkene sine.

Jula har i alle fall alltid vore den fornemste høgtida. Namnet jul kjem truleg av den førkristne månaden Ylir. Den varte frå 14.november til 13.desember. Etter at kristendomen vart innført, flaut naturreligiøse og kristne skikkar saman, noe som gav festen sitt særeigne preg. For opprinneleg var jula ein fest for at lyset skulle komme tilbake - vintersolkverv. Dette julblotet hadde ritual som kanskje har levd langt opp mot vår tid.


Den lange julfesten er altså eit kompromiss mellom den førkristne ylirfest og den kristne feiringa. Blotfesten var opprinneleg midtvintersnatta 12.

januar med avslutning dagen etter. Kristenheita flytta festen til 24.desember, Kristi offisielle fødselsdag. For itte å komme i strid med dei naturreligiøse festforestillingane, vart den kristne og norrøne festen gjort felles. Kjerkja fylte da på med nye festdagar som nyttårsdagen og helligtrekongers dag 13. dagen - 6.januar.

DET HEILAGE JULEØLET

Allereie i november var julesjauen i full gang. For alt skulle vere klappa og klart i rett tid. Derfor vart det stor ståk og mas. Viktigast var det å komme tidleg i gang med brygginga, for ølet måtte ligge i seks veker. 21. desember (St.Thomasdag) ble så denne juldrykken tappa. Tomas bryggjar kom da med julevatn til godt øl. Så kunne ein prøvesmake på det.

Men elles måtte ølet itte rørast før vetljulkvelden. Kvar bondekone og bondemann måtte frå gammal tid brygge maltøl, på same vis som det også var pålagt å halde julegilde etter gammal skikk og sed. Kvinnfolka stod for brygginga. Men ein måtte itte brygge solsnudagen 13. desember. Og det måtte



1. Allehelgensdag, 29. 1. s i advent

Primstav fra november og desember, hentet fra Hadelandskalender'n 1992, tegnet av Kari Rud Flem.

bryggas ved veksande måne, for da vart det meir øl. Elles varierte oppskrifta frå bygd til bygd. Men ølet skulle signas julenatta til Krist og Sankta Maria til godt år og fred.



JULEKLEDE FRÅ TOPP TIL TÅ

Nye klede måtte det vere frå topp til tå. Viss itte måtte ein sitte på stabben julekvelden! Skreddar og skomakar var itte uvanleg i Nord-Østerdalen på 1700-talet, for det fantest rikfolk som kunne betale brukbart i gruvetida. Da kunne også sparsame folk tene seg mang ein skilling på kølbrenning, kjøring og arbeid i smelthytte og gruve. Men helst stelte kvinnfolk og kar i stand klede og sko sjølve.

Nyklede var det tabu å røre. Derfor var den siste månaden før jul såkalt sotmånad. Da skulle ein slite på dei aller styggaste plagga. For det var itte så nøye om ein var litt møkket og svart da! Småryssen hadde neppe noe særleg mot det.

SLAKTING, BAKING OG JULEMAT

Sjølve storslaktinga skjedde tidlegare på hausten, men det gjenstod slaktinga til julematen, som ein bukk eller ein sau. Julslaktinga tok til ved helgmess. Itte noe måtte lagas under den heilage nattverden. Men kjøttet var itte så lett å ta vare på. Derfor måtte alt saltast ned. Da salt likevel var både sjeldant og dyrt, brukte folk einer i staden. Men grisen vart spart til like før jul, så vidt at sylta vart ferdig.

I tillegg var det sjølsagt både baking og steiking av biteti, skrivarbrød, goro, lemse, jønnbrød og anna høgtidsmat.


DESEMBER

1992

Barbromesse		Nilsmesse		Annadag		St. Lucia		Tomasmesse		Fuledag																					
				Jonfru Marias mor		Svarteste natta i året. Asgardsreia rir gjennom lufta		Kakelinna Leisebaking		Om du finn eit korn under bordet juldagen, blir det godt år ~																					
Ti	On	To	Fr	Lu	Sy	Ma	Ti	On	To	Fr	Lu	Sy	Ma	Ti	On	To	Fr	Lu	Sy	Ma	Ti	On	To								
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	

5. 2 s i advent, 13. 3 s i advent, 20. 4 s i advent.

24. Julaften, 25. Fuledag, 26. 2. juledag, 31. Nyttårsøften.



Bakinga skjedde under lefstøyen, ein godversperiode ei veke før jul. Bakinga gjekk føre seg i eldhuset. Da var det ein fordel at det itte var for kaldt ute.

Det er usikkert om rakfisen var julekost i Nord-Østerdalen, men truleg var den og rekna for høgtidsmat. Men all den gode julmaten måtte itte rørast før sjølve jula. Så allereie ved Klømøtsmess 23. november vart ungane sett på skral kost, slik at julmaten skulle smake betre. Denne skikken har sikkert sitt opphav i den katolske fasten.

PRØVESMAKINGA

Det seies at ved Nicolaismesse 16. desember eller Lucinatta-Lussi langnatt - 13. desember fór folk innom grannen for å smake på julkosten og prøve ølet. Dette var ein slags forsmak på jula. Da vart det servert nykøkt pølse og juleøl, altså ein slags pølsemero! Andre kjelder seier at det var naturlegast at det vart venta til Thomas-dagen med den festen!

Truleg er skikken med å prøvesmake på julkosten, restar av ein blotsfest midtvintersnatta. For i gammal tru var natta til 13. desember den lengste i året. Da var den kvinnelege demonen Lussi på farten. Ho straffa visst nok karar som hadde vore slemme mot kvinnfolka i året som hadde gått. Da den lengste dagen vart flytta til den kristne jula, hang likevel skikken att.

Lussivetta liknar meir på Guds falne engel Lucifer enn den snille Sankta Lucia. Mange tradisjonar om Lussi fins itte i Nord-Østerdalen, sjøl om J. B. Bull er inne på denne vetta i rendalsbøkene.

FØREBUING TIL LYSFESTEN


Det var i det heile itte mye tid til lediggang før jul. Så itte ein gong småryssen fekk gå gjerause. Dei hogg ved mest kvar dag. For til jul skulle veden vere lagt opp inne i stua eller i gangen. Denne julveden skulle vere liten og av det finaste slaget. Samtidig skulle det spikkas til smekre ramvedspiker til å tenne julelysa med.

Til sjølve julekvelden tok han far unna den finaste og tørraste veden. For da måtte elden skine klart i peisen, og itte måtte varmen sløkne noen stader. For det galdt å halde dei mørke maktene ute og den lyse varmen inne. Det seies at det og vart tent eit furubål ute på tunet. Det skulle også halde vinterens tyrann ulven og dei vonde vettene borte frå garden.

Men fin tørrved var itte nok til å skape triveleg lys. Derfor måtte det støpast lys, minst like fine som

Prinsas fra november og desember, som fra Hadelandskalender n 1992, tegnet av Kari Rud Flom

kjerkjelysa. Dei vart kalla velendlys, for i slaktinga tok ein vekk matrøret (velendet), og hengte det til tørk. Så vart det sett i veke og rent nedi talg. Ein kunne også bruke botntarmen, smelte nedi vraktalg og sette i ein tyrispik til veke. Slike lys var luksus og berre brukt til dei store høgtidene.



Lys kunne støpast allereie 25. november. På somme primstavar er 25. november minnedagen for Kari vaskar eller Kari med rokken. Var det kaldt ver den dagen, ville det også bli fine lys. Men støpinga skjedde også i eldhuset lussinatta. Da måtte det vere heilt stille, for da for Lussiferda forbi. Denne Lussi er seinare blanda saman med St. Lucia. Ho bar jo lysets namn! Lysa vart sett i store kløftstaker på kveldsbordet vinteren utover. Dei lyste så vidt at folk kunne sjå og ete.

JULEVASKEN

Verste arbeidet var julevasken, for i dei gamle røkstue-ene sat soten fast i taket. Karane hjelpte til med å skrape, og brukte sopelimar og sand. Det var sikkert utriveleg mens sot og vatn flaumde utover golv og folk, men så lyst og fint etterpå! Også i fjøs og stall måtte det vaskas. Det var ofte mørkt og lågt i dei gamle fjøsa, og derfor hadde det lett for å bli utriveleg der. Etter vaskinga var grøne barkvister lagt på golvet for å skape trivsel.

TIDLEG PÅ JULEFTAN

Så kom endeleg dagen alle venta på! Folk var oppe grytidleg. Karane og ryssen hogg ferdig veden i otta. Men enkelte drog i vedskålen allereie vetljulkvelden og hogg natta utover. Til lys bruktes tyrivarmer på ei stenhelle. Ei potte brennevin heldt vedhoggaren vaken. Ofte var fleire karfolk saman, og da vart det ei feststund i skålen. Før dugurdslete måtte all veden vere inne.

Men ryssen fekk itte alltid vere i fred i skålen, for vetljulkvelden, eller gjerne før det, dukka julgubben eller julbukken ned i barhaugen, furubaret til geita og sauen. Sjølve julkvelden sneik den vesle luringen seg inn i vedroa, der han budde til over nyåret. Da var han itte fri for å vere tjuvaktig, men elles viste han seg mest itte, sjøl om han også svinsa inn i fjøset

til budeia. Deretter tok fyren seg ein snøggstur inn undet bordet i stua for å gjere julekveldsdrammen og trakteringa fleirfaldig. Det var vel også julgubben, tomtegubben eller tuftkallen som forsynte seg av rømgrauten som vart sett på låven? Han vart seinare kalla nisse, etter Nils (St. Nicolaus).

På Unset finn me Tonkallhaugen. Det kan vere ei forkorting av Tomtekallhaugen. Ein slik haug kan me og sjå på Høie i Øvre Rendalen. Det er truleg haugen for gardvorden. Han var gubben som grunnla garden, som gjekk att for å syte for velferd og halde orden i fjøs og uthus.

Garvorden skulle da ha sitt offer i form av juleøl eller julegraut til juleblotet. Grauten var av bygg med eit stor smørauge. Smøret var som kjend eit viktig symbol for sol og rikdom. Da desse haugane vart borte, hamna grauten på låven.


Alt utarbeid måtte vere ferdig da dagslyset kom eller før dugurdsleite. I alle fall før julehelga vart

ringt inn klokka 5. Det var derfor itte stort utarbeid den dagen. Kjøredoningane vart gjort klare til kjerkjeferd og julegjesting. Elles var det helst berre å pusle og pynte ferdig i fjøs, stall og låve. Mannfolka kjørte da litt høy, mose og ved, mens kvinnfolka gjorde frå seg med vask, mat og fjøsstell. Rokk og kardar vart bore ut. I god tid skulle det vere ryddig og reint både inne og ute.

VERGING MOT VONDE VETTER

Så var det å verne seg mot dei vonde vettene. Dei var ekstra aktive i jula. Derfor vart tjurukross sett over fjøs- og staldør, og nye limer med kross plassert utafor utdørene. Men ikkje på døra på hovudhuset. Plogar, harver og anna reiskap måtte gjømmast for at den lure julgubben itte skulle trekke dei av garde. Men stabbursdøra måtte ein itte låse, for julnatta stal berre dei som verkeleg trengte det.

Det vart også sett stål over fjøsdør og staldør.



Noen stader skaut bonden over hustaka for å vere skråsikker på at vettene heldt seg unna. Det var å skyte inn jula. Inne i fjøset las budeia over kyrne. Ho krossa med stål over ryggen eller med talglys i skallen på kyrne før ho gav dei salt og mjøl. Stålet verga mot vettene. Det hadde fått si kraft frå sola. Salt hadde også same krafta som stålet.

For alle frykta åsgårdsreia (oskoreia) eller julsakra. Den for over garden julnatta. Det var kanskje dei dødes ville tog til Åsgard med dei gamle gudar Odin og Tor i spissen? Da kunne det bli råkjøring til gagns! Og da var det best at folka på garden kunne sitt Fadervår. Kjerkja hadde godteke at desse vettene eksisterte. Men dei var forvist til å vere vonde makter. Så dei kunne sigrast over, men itte utryddas.

Jula var derfor tida for det farlege og utrygge i naturen. Det heng sjølsagt saman med ei årstid med kulde, uver og mørke dagar. Så livsfarlege vetteferder var ein levande realitet. Olav Bø meiner at det eigentleg heitte Oskoreia. Oskoreia kan tyde reia av ridande folk. Det var dei som hadde lide ein unaturleg død som var ute og for.

Mye av tradisjonane med reia kjem kanskje frå den tida folka på garden rei bort til vettehaugen, der dei ofra og drakk minneskål til ære for dei som grunnla garden eller grenda. Denne skikken var visst nok lagt til den gamle juleftan. Det meste av tradisjonane om reia kjem frå Telemark. Jacob B. Bull nemner åsgårdsreia, men det er usikkert om han har teke tradisjonane frå Rendalen.

Men det fantes sjølsagt også vakre skikkar. Ein som lev i dag, er juleneket eller julebandet. Desse kornbanda vart plassert høgt langt unna labbane til gardskatta. Neket sat helst på tuntreet eller på ei stang ved låven. For kornet var til ære for Vårherres svoltne og forfrosne småfuglar som skulle få fred og føde. Vart det spurv som først fann fram til neket, var det lovande for årets avling. Men ei skjere varsla at våren



kom for tidleg. Tunge aks på kornet ville det også bli viss skogen var tung av snø ved advent.

Villdyra skulle sjølsagt få vere i fred i jula, og derfor måtte ein ta ned snarer. Det var også dei som kjøpte litt høy til skogs, slik at elg og andre dyr skulle få seg ein godbit. Husdyra måtte også ha skikkelige stell. Viss itte klaga dei til Jomfru Maria. For julnatta kunne dyra tale. Kyr og hestar fekk havreband, lemse

og flatbrød. "Øttå væl, og låvvå væl, i kvell æ dæ julkveld!" sa ho mor. Bjøllkua fekk først. Da sa budeia i Øvre Rendalen: "I kveld æ dæ julkveld, kua mi. No gje je kyr'n mine som Jomfru Mari gav sine!" Lysa måtte brenne i fjøs og stall, slik det gjorde for Jesusbarnet i stallen den heilage julenatta.

Det vart lagt salt lå på murhella i peisen julenatta, slik at elden fekk skinne på det. Det var da blanda med oppbrote brød. Juldagsmorgen fekk hesten og kua tå det: "Julesalt og påskemalt gjør godt for alt." Også kubjøllene skulle fyllas med slik salt. I Engerdal la folk først brødet i to haugar på muren og så saltet oppå. Så fekk hestane og kyrne kvar sin haug.

Da alt var klappa og klart ute, kappkuta stallkaren og budeia frå steintrappa. Han åt stallen, ho åt fjøset. Kom han først fram, skulle merra få fole om våren, men var ho raskast, vart det kalv.

JULKVELDEN

Så nærma julekvelden seg! Men fyrst var det tid for å vaske og reinske av seg det gamle år og gamle syndar. Utpå dagen starta derfor lauinga for store og små. Vatnet vart varma i eit kar attmed muren i fjøset. I Øvre Rendalen vart det lagt ei sølvspenne i vatnet.

Først lauga husbonden seg, så kjerringa, ungane og til sist tenarane. Men alltid karane først. Det mukkete vatnet måtte dei itte slå ut før om juledagsmorgonen, for budeia måtte gjere frå seg i fjøset før ho vaske seg.

Klokka fem ringte endeleg kjerkjeklokkene jula inn. Da måtte alle vere inne. Det var lagt bar på golvet, duk på bordet og fururot på åren. Furubar på golvet symboliserte fattigdommen i stallen i Bethlehem. Dette var jo den fattigste kosten dyra fekk! Elles i landet var halm vanleg, men det var kanskje itte nok korn så langt til fjells? Men sannsynleg hang det halmfigurar i stua. Det var hengekroner som rørte på seg, slik at dei skulle skremme heksene.

Frå desse barkvistane på golvet var itte leia lang til vårt juletre. Det kom kanskje til Tynset på slutten av 1800-talet. Olaf Røst var lærar i Tyllidalen i 1860-åra. Så tidleg som i 1865 arrangerte han juletreffest for ungane på skulen. Men det tok nok tid før eit slikt tre vart ein vane i heimane.

Husbonden sat under det staslege åkleet i høgsetet, der det til jul også hang eit rosete silketørkle. Dette flotte åkleet foran høgboardsenden er truleg også ei levning frå førkristen tid. Før familien og tenarane sette seg, gjekk husfaren ærverdig bort til bokhylla over høgsetet, og tok fram salmebok og bønnebok. Først sang dei ein salme, så las far sjøl i stua julebønna. Så nok ein salme att før alle benka seg til bords. Dei aller minste las da bordbønna (bordlesnaden).

Den første kveldsvorden var ferdig ved sekstida. Da vart det helst servert fisk, graut, tørrmat, lemsekling o.l. Skikken med to måltid kjem truleg frå katolsk tid. Det første var nemleg avslutting på fasten. Derfor nettopp kornmat og fisk! Det neste markerte at no var storhelga komen.

Skulle det drikkast sterke saker julekvelden, måtte det berre vere ei skål til Kristus. Etter at ein slutta å skåle for Odin, Frøy, Njord og Tor, vart det vanleg å skåle for Fader, Son og Dei heilage Ande. Seinare vart dette berre til Kristi skål. Og da var det nok med ein skål!

Etter maten tok store som små kvarandre i hendene, takka og ønska god jul. Da las husfaren vangilen (evangeliet) mens ribba putra i gryta. Det var enten pølse og ribbe eller lutefisk til den andre kveldsvorden. På Røros var det lutefisk og mjølkgryn. Gammalt attende var det helst kjøtt og sodd. Seinare vart den beste maten servert allereie vetljulekvelden.

Men det var også mat ein itte måtte sluke julekvelden. For kvar ein var herre over si eiga lemse og julgås. Lemsa vart kalla godbrød, da ho var baka tå kokmjøl. Julgåsa var rett og slett smørklepper som var

forma i ei særskilt form. Den som hadde ho lengst, var den likaste på garden. I Tynnset skulle itte smør-gåsa røras den første kvelden. Smøret var som sagt eit eldgammelt symbol på rikdom. Ved Håggån (Hagen) i Rendalen ligg ein haug som kallas Smør-koppen. Den liknar på ein julsmørkopp.

Julnatta skulle bordet vere dekkja, for da for Åsgårdsreia eller Oskoreia forbi. Da galdt det at det var lyst over alt, og at ein måte vere så stille som mogleg. I Hodalen bretta folket bordduken over maten. Elles stod maten framme begge dei første juldagane, for da skulle husfolket aldri bli matlaus i året som kom. Fremst trona julkanna med lys som skulle brenne heile natta. Det var ei stor smørkanne som tok om lag eit halvt bismerpund smør. Den skulle julfremmend ete tå. Omkring lå det ei røys med oster.

Ein eller annan passa på sjølve julnatta at storlysa brann fint og skein på maten, både den på bordet og den som lå i peismuren åt buskapen. Dette lyset var symbol for den livgivande og heilage solgudinna. Gudinna vart seinare til solskaparen, det vil seie Jesus.

I Hodalen tente husmora to store talglys, som skulle brenne ned av seg sjøl. For slokna dei, fekk trolla makt til å skade huset. Noen stader hadde julelysa tre greiner, kalla trekongerslys. I Stor-Elvdalen fekk kvar i huset ei kake og eit trekongerslys med forbokstavene sine på. For å erte sette enkelte på forbokstavane til kjærasten. Slokka lyset, var ho eller han "feg", og skulle vandre vekk for godt det kommande året.

Mens dei sat til bords om kvelden gjekk gjerne dei mest dristige ut og kikka inn gjennom glaset. Var det da noen som skulle vandre, sat denne hovudlaus ved bordet. Stundom hendte det at den som gynte inn, fekk sjå seg sjøl utan hovud!

DEN HEILAGE JULNATTA

Etter siste kveldsvorden kunne ungane ta ei salmebok og gå inn i eit mørkt rom. Der skulle dei slå opp boka. Råka dei på ein gledesalme, skulle dei få mye lykke neste år. Og omvendt viss dei var så uheldig å treffe på ein gravsalme. Det var sikkert mange som juksa litt!

Vaksne kunne gå til ein krossveg. Fekk ein da høre at reven skreik på kjerkjeveien, var ein feg. Ein kunne på same turen legge att litt salt på marka, som ein skulle gje kyrne. Da vart desse verna mot vonde vetter. Og sat ein musestille ved krossvegen, kunne ein høre vettene eller trollkjerringane fortelje kva som ville skje av bryllup eller gravøl i grenda neste år. Og var det mange stjerner på himmelen, skulle det bli eit godt molteår. Mye rim eller snø på trea i skogen varsla også godt år.

Før familien endeleg gjekk til sengs, vart det lagt aske på åren, slik at varmen skulle halde seg. I Foll-dalen brente dei krut i glaset. Det var bra mot trollskap. Det var vel gruvefolket som fekk tak i krut.

Folk vart sanndrømt viss ein sette skoa under senga. Noen dristige våghalsar drog kanskje tilmed til kjerkja for å skrape rust av kjerkjeklokkene. Den verka mot all sjukdom.

Elles måtte den som var sist oppe, sope golvet. Husmora stod først opp juldagen for å sjå om julgubben (nissen) kom med korn julnatta. Det viste korleis grøda vart det kommande året. Var det godt korn, skulle det bli eit svært år. Var det lite og ringt, skulle det bli frostår. Og var det ikke noe, skulle det bli uår. Men det var nok fleire som i nattas mulm og mørke stal seg til å hjelpe julgubben!

I Tolja vart det sagt at den som fann eit korn under bordet, kom til å møte lykka i det nye året. I Vinila vart det strødd korn på golvet før dei la seg. Da vart julgubben blid, og det følgde lykke med det nye året.

Midt på julnatta kunne ein gå rundt stua tre gong-

er med rømgrøtturua i handa. Da skulle ein få vite om ein var feg eller om ein skulle bli gift. For enten fekk ein sjå ei likkiste eller den ein skulle ha. Ein kunne også gå bakover (vrangsøles). Vart det da gifting til året, stod kjærasten ved døra!

JULDAGEN

Juldagen fekk dei fleste ligge litt lenger enn vanleg. Både gammal og ung vart da traktert med biteti og juldram av husmora. Denne drammen var også Kristi skål, for den dagen vart frelsaren fødd. Men drikking i den første delen av julehøgtida var absolutt måtedrikking. Det vert fortalt at dei religiøse haugianarane i Bardu sjølsagt itte godtok brennevin. Men det store unntaket var juldagsmorgonen. Da skjenka bonden tenarane ein liten dram! Til åbit fekk folk syltelabb, brød, smørlemse, ost, spikjekjøtt, kaker m.m. Hovudårsaka til at kvinnfolka måtte tidleg opp, var at dei skulle sy, for den dagen sydde Jomfru Mari på bleiene til Jesubarnet.

Juldagen var sjølv høgtidsdagen, så alle som kunne krype og gå, kjørte eller vandra til kjerkja for å sjå ofringa og høre presten. Stallkaren var forplikta til å skyse tenestefolket. Presten preika alltid ekstra bra den dagen, og forsongarane tok i spesielt høgt og vakkert.

På 1700-talet var det strengt forbode å drikke alkohol juldagen. Grannane Bersvend Olsa Kjæringen og Pær Olsa Kjæringen fekk kvar 18 riksdalar i bot for drukkenskap i jula 1765. 18 riksdalar svarte til fire kyr, så det var inga lita straff. Tradisjonen med juldrammen kjem truleg frå naturreligionens tid. Ved å drikke minne med gudane var det lettare å komme i kontakt med dei. Denne skikken fortsatte så inn i katolsk tid, men med Reformasjonen forsvann jo helgenane. Så da var det itte lenger noen andre enn Kristus å minne eller skåle for!

Noen stader var det militærparade i kjerkja julda-

gen, der dei uniformerte marsjerte inn i samla flokk og sette seg på jegerstolene. Så velsigna presten krigsmakta. I Nord-Østerdalen var mange spreke karar med i det berømte Jægerkorpset under krigen 1807-14, så det var sikkert mange som stolt viste seg fram i den uniformen!

Men det var mørkt og kaldt i kjerkja, så gubbane trona gjerne inn med ulveskinnspeles og sveipe. Utafor var det klang av dombjøller og vrinsking av hester. På heimvegen kom det til kappkjøring, for den som kom først fram, skulle først få inn avlinga si til neste haust. Den som velta, skulle ha grisrompa til nons.

Elles skulle folk halde seg heime juldagen. Det var nemleg itte rekna for god folkeskikk å gå bort. Derfor drog alle heim kvar for seg for å ete til dugurds. Det var ofte fløtmølje. Seinare vart det rømmegrøt med fisk, grynsuppe, flesk og pølser.

Og til nons var det kjøt og kål med eit halvt gris-hovud og grisrompe, så sant det itte var gjort sylte av hovudet før jul. Som veret var juldagen, skulle nyårsdagen bli. Snøfull eller rimfull skog var eit godt merke. Slik som snøen eller rimet bøyde kvisten, slik skulle kornet bøye strået neste haust. Det var også bra viss julvegane snødde att.

Til kvelds var det mjølkgryn. Mjølkgryn var elles fast kveldsvord hele jula. Det vart da gjerne kokt så mye at det varte utover mot nyåret.

JULBUKK, JULKUT OG JULLEK

Annandagen eller St. Stefans dag skulle tenarane få fri til å fare heimatt åt foreldra. I Rendalen fekk dei med seg to brød og ei potte brennevin. Da starta julmoroa, for den kvelden tok ungdommen til å gå julbukkk. Både gammal og ung kunne gå kvar kveld til nyttår. Men etter det var det itte rekna for god skikk, og da vart ein kalla nyttårgeit.

Julbukken er kanskje med tanke på Tors bukker

Tanngrisne og Tanngnjost. Tor var jaktguden i Nord-Østerdalen, hevdar P. Chr. Asbjørnsen. Ved Tynnset kjærkje låg Torshaugen, kanskje eit minne om eit Torshov.

Bukkane vart etne opp kvar kveld, men livna opp neste morgon. Det var symbol på det gamle årets død og det nye årets fødsel. I kristen tid vart bukkane forvist til å vere dyriske smådjevlar med menneskeleg intelligens. I mellomalderen vart julebodskapen dramatisert, med ein djevel med horn i panna og fillete klede. Det seies elles at det ofte vart sett kross på småunganes julkaker, elles åt julbukken dei opp.

Elles var det fest, dans og julleik for ungdomen der dei var velkomne. For i gildestua (storstua) var det dekkja bord heile jula. Og der skulle verten drikke gjestene til. Men det var stor skam å ta ein tår for mye.

Da var det skikk å bere ut grisen. For kvart av dei 28 beina i griselabbane, skulle ein ta ein dram. Denne samdrykken kan ein spore tilbake til vikingtidas juleblot. Etterpå skulle verten bere grisebeina på dungen utan synleg teikn på drukkenskap.

Korfor var grisen eit så sterkt innslag i julefeiringa? Det har kanskje med fruktbarheitsguden Frøy å gjere. Han eigde galten Gullinborste. Så ofringa kan vere restar av ein eldgammal hyllest til Frøy og Frøya. Dei vart dyrka i all løynd i norske dalar så seint som på 1700-talet!

Frå og med tredjedagen kjørte dei eldre julkut. Dei kjørte gjerne før nyåret, og dei unge etterpå. Dette kan også ha komme frå eit førkristent juleritt. For hesten var symbol for guden Frøy. Det vart ofra hestar til han i vikingtida.


JULTRÅDDOKKER OG ROKKMANN

I romjula tok ugifte jenter fram jultråddokker. Det var trådar i flotte fargar som var festa saman til ei slags dokke. Jultråden var laga av finaste ull eller lin.

Kvinnfolka hadde rusta seg slik at dei hadde heile kippe av jultråd hengande på veggen.

Trådjentene gav slike dokker til den karen dei likte best, og mange heldiggriser gjekk med så mange slike dokker på seg at det lyste tå dei. Karen måtte da gje jenta eit treskje eller liknande. Det var itte uvanlig at karane bømte klede sjølve, og da hadde dei eit forråd av tråd utover nyåret.

Andre formar for gåver kan det ha vore langt attende, men da som ei almisse frå rike til fattige, slik det var i katolsk tid. Men ein må også rekne med at dei nye plagga som ungene fekk, i høgste grad var gode gåver den tida!



Karane kunne bli rokkmann etter at jentene tok til med spinninga etter nyåret. Ho som spann skulle eigentleg ha den karen som kom først inn døra. Men han kunne kjøpe seg fri ved å gje ho ein rokk. Og slik den karen gikk, skulle rokken gå resten av året. Da var det viktig at det var ein støy fyr som opna døra og itte ein som hadde teke seg ein tår for mye. Gjevt var det om han hadde mye skjegg og hår, for da vart det bra med ull eller lin på åkrane. Men var han flintskalla, såg det stygt ut!

I «En Fjeldbygd» (1851) av Nicolai Ramm Østgaard blir det fortalt om da Ømbrøt Røsta var på romjulsfriing på Telneset i 1802. Der blir fleire av desse skikkane nemnde!

KNUT JAGAR JULA UT

Mange av julkveldskikkane vart tekne opp att nyttårskvelden. I Vinila skulle ein legge ein høytapp i gardsleet nyårsnatta. Kom han bort, vart det ufred og harde tider. Men lå han urøvd, ville det bli et fredens år. I Vetlevaldalen er det sagt at viss sola skein på furuleggane, slik at dei vart raude som blod, skulle det bli krig året etter.

Jula ble feira til om med 13. dagen (6.januar). Dagen etter var eldjarndagen - eldbjorgmesse. Det har med eldberging å gjere, men vart blanda saman med kvinnenamnet Eldbjørg. Ho vart da ein slags vernehelgen mot skadeelden. I dei tidene var jo elden både ein farleg herre og god tenar.

Trettendagen var dagen for dei tre heilage kongar. Da dukka Knut opp og jaga jula ut. For den hellige hertug Knut Lavard var julas skytshelgen. Han var ute for å sjå til at julgubber, troll og vonde vetter heldt seg borte frå garden. Hos oss vart Knut feira forsiktig med rømmegraut til dugurds. Jula kunne også tøyast til 13. januar - tjuendedagen. Men da vart jula ringt ut for godt.

Gubben på garden sette merke over veret kvar dag

i jula, for slik dei tolv juldagane var, skulle dei neste tolv månadene bli. Elles skulle det bli mye gras til sommars om det var mye rim i skogen frå nyttårsleite til trettanhelga. Dette vart også rekna som midtvintersdagen. Da rulla vinteren seg på rygg, og bjørnen snudde seg. Den dagen skulle ein brenne dugeleg på åren for å tine vinteren vekk frå glas og dører. Jo kaldare det var, desto betre vart våren.

Det seies at det vart ofra smør til sola når ho viste seg for første gong etter jul. Ivar M. Egnund fortel at det var skikk å feste smør på veggen, der sola skein for første gong etter vintersolverv. Ivar sjølv gjorde dette, og ei jente som kjente til skikken, fortalte at ved slik ofring skulle dei få eit godt år.

Veret skulle vere godt trettendagen. Da kom det av og til ein linnversbolck. "Trettendags tøy er godt som tretten lass høy", vart det sagt i Vetlevaldalen. Og slik veret var trettendagen, skulle det bli i tretten veker.

Etterpå var det å gå på med ny frisk med striskjorte og havrelefse, heilt fram til primstaven viste at det igjen var tid for juleførebuingar!

Kjelder:

O. Røst: Bygdehistorier frå Tønset, utgitt 1981 ved Tynset Bygdeboknemnd

N. R. Østgaard: En Fjeldbygd. Billeder fra Østerdalen, 1851 (Opptrykk 1956). S. Nergaard: Skikk og bruk. Folkeminne fra Østerdalen V, Oslo (Norsk Fokeminnelag) 1927.

O. Bø: Den gamle jula.

Bygdebøkene i Nord-Østerdalen og Rendalen.